

Kvalifiserte seg til NM-finale igjen.

24.09.2012



Vegard som solist med HUBB. No ventar NM-finale for solistar.(Foto: Thor Inge Døssland)

For andre år på rad har Uskedalen sin lovande trumpetist, Vegard Døssland, kvalifisert seg til NM-finale for solistar. I dag fekk han gladmeldinga om at han var ein av dei 14 som kom gjennom nålauget klasse 2 som hans aldersgruppe heiter.

Vegard er ein av 4 messingsblåsarar som er kvalifisert i i denne klassen. Dei tre andre spelar baryton, trompet og tuba. Den andre trumpetisten er Malene Fossli Flataker, jenta som deltok i Tine Thing Helseth sitt NRK-program Meisterklasse. Resten av konkurrentane spelar fløyte, saxofon og ulike former for slagveksinstrument. Finalistane er plukka ut på grunnlag av innsende opptak.

Vegard er svært glad for at han er plukka ut til finalen som vert arrangert på Norges Musikkhøgskole i Oslo den 10.november. Einaste problemet er å få plass til førebuingane i ein allereie travel musikkvårdag. Vegard er no elev ved Toneheim Folkehøgskole ved Hamar, og han er svært aktiv i musikkmiljøet på skulen, og i området rundt.

Han spelar i Jaren Hornmusikk som satsar svært bra. Sist helg spela dei inn opptak som kvalifisering til elitedivisjonen i NM neste år. Han er svært fornøgd med korpset og dei utfordringane han får der. For tida er han og innleidd trumpetist med Hedmark Symfoniorkester. Dei skal ha stor konsert med kjende og dyktige solistar neste helg. I morgen ventar og ei spennande oppleving. Då får ein kvintett han spelar i, besøk av ein professor frå Jyske Musikakademi i Århus, ein dyktig trombonist og instruktør.

Siste helga i oktober ventar HUBB-samling med Tine Thing Helseth som solist, og helga etter er det Siddis Brass i Stavanger med Jaren Hornmusikk. Han håpar og på at det skal verta tid til ein konsert med Rosendal Jazzverk før jul.

Vegard seier at det er travelt, men det er slik han ønskjer det. Livet på ein musikkfolkehøgskule er tydelegvis topp.

Av: Ola Matti Mathisen.